

Referat frå styremøte nr. 4-2019

Dato: Fredag 27.09.19

Tid: 10.00-13.00

Stad: Norsk Maritimt Kompetansesenter(NMK) Ålesund, møterom Nansen i 5. etg.

Til stades frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordførar i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsgård (ordførar i Haram kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (ordførar i Skodje kommune)

Styremedlem eva Hove (ordførar i Stordal kommune)

1.varaordførarar Geir Inge Lien (ordførar i Vestnes kommune)

1.vararådmann May-Helen Molvær Grimstad (rådmann i Sykkylven kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune) til kl.11.30

Forfall:

Styremedlem Eva Vinje Aurdal(ordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Anders Chr. Nørve (rådmann i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Pedagogisk koordinator Nils Magne Abelseth

Utviklingsveileder Torunn Måseide

Andre til stades:

Advokat i Ålesund kommune Guri Hasund Reiten, varamedlem i forhandlingsutvalet ved revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane (sak 24/2019)

Rekneskapskonsulent i Ålesund kommune Hege Bjortveit (sak 25/2019)

Referent: Torunn Måseide

Sak 22/2019: Velkommen til styremøte. Godkjenning av innkalling og saker til eventuelt
Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar ønskte velkomen til møtet og innkallinga vart godkjent.

Sak til eventuelt: Formulering i strategien for Sunnmøre regionråd. Forslag fremma av Eva Vinje Aurdal og lagt fram av Dag Olav Tennfjord. Eva Vinje Aurdal sitt framlegg er at Sunnmørskonferansen blir bytta ut med The North West.

Sak 23/2019: Godkjenning av referat frå styremøte 10.mai 2019.(nr.3-2019)
Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå styremøte 10.05.2019 vart godkjent.

Sak 24/2019 Revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane.
Ved advokat i Ålesund kommune Guri Hasund Reiten, varamedlem i
forhandlingsutvalet ved revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og
Romsdal HF og kommunane

Oppsummering av status september 2019: Arbeider med forenkling av hovudavtale og delavtale. Jobbar med mandat og ordlyd. Det er for mange delavtalar. Delavtale 12 skal inn i hovudavtalen. Vi ønsker ikkje fleire delavtalar, vi må spisse dei vi har.

Det er behov for å samordne kommunane i møte med helseføretaket og ein ser behov for å koordinere kommunane. Det er forslag om ein koordinator på kommunesida som kan kome med innspel og ha eit ansvar for samhandling. Ein må sjå på korleis ein kan styrke kommunane sin samhandlande funksjon. Utfordringa er då korleis ein koordinator kan ivareta alle kommunane sine behov i møte med helseføretaket. Det er ei vanskeleg oppgåve.

Eit forslag er å endre tittel på møte frå Dialogmøte til Toppledederforum. Forslag om møte 2 gongar i året. Oppgåver er felles utviklingsretning og innsatsområdet. Viktig å spisse kven som skal sitte i dette forumet. Forslag: Regionrådet kan peike ut 4 representantar til eit Toppledederforum: Ein ordførar, ein rådmann, ein kommunalsjef og ein lege.

Strukturen vi har i dag har forbettingspotensiale, men ein er usikker på kva ein kan tenke seg på Sunnmøre. Kommunane må vere med og gi innspel.

Det er viktig å prioritere Dialogmøter fordi Helseføretaket møter topptungt og frå kommunane er det tilfeldig kven som møter. Det er få ordførarar og rådmenn. Kvifor er det så få?

Dialogmøter blir ofte informasjonsmøter. I møte med helseføretaket har politikarar og rådmenn lite fagleg kompetanse og det er fagleg tunge møter. Det politiske nivået er ikkje gode bidragsytalar inn i dette systemet. Viktig at ordførarar og rådmenn som er med på dialogmøter har eit klart oppdrag. Om det ikkje er tilfelle blir det Helseføretaket som styrer.

Det er viktig å få meir kompetanse om dette temaet for politikarar. Toppledgerforum kan vere ei spissa gruppe som kan møte meir førebudd. Men gruppa må forankrast og ein må kunne «matche» Helseføretaket i fag og dialog.

Det er behov for at regionråda koordinerer seg og kan snakke saman. Behovet for å vere samsnakka er stort. Strid mellom fogderia øydelegg mykje i Møre og Romsdal. Skal Sunnmøre opplevast som ein god samarbeidspart, så må ein sjå heilheit og tørre å ta nokre kampar. Vi må samle Sunnmøre og Romsdal i forhold til å finne ein veg mot framtida.

Det var forslag om å samle ordførarar og rådmenn og gi dei ulike avdelingane på sjukehuset på Åse oppdrag i forhold til fagleg oppdatering. Vi manglar kompetanse om kva dette eigentleg handlar om. Derfor treng vi ei kunnskapsinnsamling. Kanskje meir kunnskap og kompetanse kan bidra til meir samling og felles mål.

Sak 25/2019: Rekneskapsrapport Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i SR og rekneskapskonsulent i Ålesund kommune Hege Bjotveit

Det var forslag frå Dag Olav Tennfjord om at vi går inn på ein type prognoserapport. Gå inn i rekneskapet og legge verdiar inn for kvar månad slik at ein ser eit resultatet for kvar månad. Oppdatere månad for månad. Då har vi kontroll på prosjekta i forhold til inntekt og sum og kan styre dette i balanse.

Det var spørsmål frå Dag Olav Tennfjord om pengar frå Fylkeskommunen til fengsel. Når det gjeld fengsel er det no viktig å jobbe strategisk, vere på og ha høg aktivitet på dette prosjektet. Synleggjere behovet og stå på no. Vi må ha ein strategisk rådgivar som kan hjelpe med ein kampanje. Styre tok dette til orientering.

Sak 26/2019: Presentasjon av leiargruppesatsinga i Dekomp (desentralisert ordning for kompetanse i skolen). Ved utviklingsrettleiar Torunn Måseide og Pedagogisk koordinator Nils Magne Abelseth.

Sak 27/2019: Orientering om samlinga 3.-4. oktober Treffpunkt Stranda og Sunnmøre regionråd.

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i SR orienterte.

Presentasjonen av prosjekta med fokus på kompetanse for leiarar blei positivt mottatt. Ein set pris på både rektorutdanning og leiargruppesatsing i forhold til at prosjekta skal gi noko tilbake til regionen. Ein drøfta også dette at Høgskulen i Volda skal ha kontor på NMK og dei ulike moglegheitene det kan skape både for vidareutdanning og etterutdanning.

**Sak 28/2019: Oppfølging av møtet mellom Sunnmøre Regionråd og Helse Møre og Romsdal HF
26. september 2019**

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i SR orienterte

**Sak 29/2019: Samarbeid mellom Sunnmøre regionråd og nye Ålesund kommune. Ålesund
kommune sin representasjon i styret for Sunnmøre regionråd f.o.m. 2020.**

Det forsvinner 5 kommunar frå 1.januar. Nye Ålesund bør vere med i råd og utval. Sjå litt på om ein kan vere raus med styrerrepresentantar heller enn å gå inn i forhandlingar. Til dømes 3 representantar frå Nye Ålesund til representantskapsmøte.

Vi må tenke heile regionen også etter 01.01.2020. Slik at ein kan fronte fellesskapet. Ålesund kommune må knyte til seg utkantane og ha med seg distrikta. Ålesund blir ikkje sterkt utan at distriktet er med.

Sunnmøre regionråd sin rolle: Kva er interessant med å ha eit regionråd ? Ålesund må sjå sin rolle i forhold til at distrikta er med. Representantskapet må ha tid til å drøfte dette. Verdien av samlingar og møteplassar er kjempeverdig.

Det er viktig å ha fokus på dei ulike perspektiva og ta vare på politiske venar. Men regionrådet må leve noko tilbake både gjennom tenesteproduksjon og det politiske arbeidet, og det er det viktig at ein formidlar.

Jan Kåre Aurdal viste til samarbeidsprosjektet Ålesund som landsdelsenter i forhold til vidare arbeid om tema.

Sunnmøre regionråd skal ha ei ideell rolle om å jobbe med samling. Sunnmøre regionråd bør også jobbe med å samle heile Møre og Romsdal i forhold til å arbeide saman.

Sak 30/2019: Eventuelt: Kommentar til strategiplanen ang. punktet Sunnmørskonferansen.

Eva Vinje Aurdal sitt framlegg er at Sunnmørskonferansen blir bytta ut med The North West. Forslag fremma av Eva Vinje Aurdal og lagt fram av Dag Olav Tennfjord.

Ny formulering: Sunnmøre regionråd deltek aktivt årleg på arenaen The North West.